



Til NGIR sine eigarkommunar:

*Austrheim kommune*

*Fedje kommune*

*Gulen kommune*

*Lindås kommune*

*Masfjorden kommune*

*Meland kommune*

*Modalen kommune*

*Radøy kommune*

*Solund kommune*

Kjekkdalen, 04.03.19

## Endring av NGIR sin selskapsavtale

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune vert slått saman til Alver kommune med verknad frå 01.01.2020. Dette inneber m.a. at ein skilde formuleringar i NGIR sin selskapsavtale må endrast. Det er også ønskeleg å gjera nokre endringar i selskapsavtalen som følgje av endra lovverk og/eller endra praksis.

I § 33 i NGIR sin selskapsavtale er det lista opp kva paragrafer som kan endrast av representantskapet med 2/3 fleirtal, og kva paragrafer som krev godkjenning i alle eigarkommunane. Dette er også regulert i Lov om interkommunale selskap, § 4 Selskapsavtale. For heile lovteksta, sjå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6>.

NGIR sitt representantskap gjorde 29.10.18 vedtak om ein del endringar i selskapsavtalen, innanfor sitt mandat. Representantskapet vedtok i tillegg å råda alle eigarkommunane til å gjera vedtak om dei endringane som går fram av vedlagte endringsdokument.

Frå representantskapet sitt vedtak 29.10.18:

*"Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert bedne om å handsama saka våren 2019, og å gjera vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak. Kommunane Lindås, Meland og Radøy vert bedne om å førebu saka for handsaming i kommunestyret i nye Alver kommune i nov./des. 2019, med vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak."*

**NGIR ber om at alle eigarkommunane førebur sak til handsaming i kommunestyra i tråd med oppmodinga frå representantskapet. NGIR ber om å få tilbakemelding på når saka venteleg vil verta handsama i kommunestyra, og i neste omgang å få tilsendt vedtaka som vert gjort.**

Viss det er ynskje om ytterlegare informasjon, ta gjerne kontakt med underteikna på [hilde.lyso@ngir.no](mailto:hilde.lyso@ngir.no).

Med venleg helsing



Hilde Lysø  
Seniorrådgjevar

**Vedlegg:** *Framlegg til endringar i NGIR sin selskapsavtale*  
*Framlegg til revidert selskapsavtale for NGIR, gjeldande frå 01.01.2020*  
*Gjeldande selskapsavtale for NGIR, revidert av representantskapet 29.10.18*